

LOKAL GRUNNORDNING FOR HOVDGUDSTENESTER

GRUNNOPPLYSNINGAR			
Sokn			
Forordna gudstenester på sun- og helgedagar blir rekna som hovudgudstenester som kjem inn under lokal grunnordning. Alle sokn skal ha ei ordning for høymesse. I tillegg kan kyrkjelyden ha andre faste ordningar, t.d. «gudsteneste for store og små», «forenkla gudsteneste» eller «G2». Her skriv de kva typar hovudgudstenester soknet har.	Gudsteneste med dåp og nattverd.		
Kor ofte skal dei ulike gudstenesteordningane nyttast? (T.d. kor mange pr. månad eller pr. semester av dei ulike ordningane. Ordningar som sjeldan blir brukt treng ikkje takast med.)	Innmeld dåp avgjer om gudstenesta blir feira berre med nattverd.		
Gjelder ordninga ein bestemt periode?	<u>NEI</u>		JA (SPESIFISÉR)
PROSESS			
Dato for vedtak om grunnordninga	28. oktober 2020		
Har forslaget blitt lagt fram for prestane, kyrkjemusikarane, kateketane og diakonane i kyrkjelyden?	<u>JA</u>		NEI
Dato for soknemøte	18. oktober 2020		
Eventuelt: Talet på vedlegg med uttaler frå soknemøtet, sokneprest eller mindretal i soknerådet.	0		
Ønsker kyrkjelyden dispensasjon frå deler av ordninga?	JA		<u>NEI</u>
<i>Uttaler eller søknadar om dispensasjon skal leggjast ved skjemaet.</i>			
SOKNERÅDET SINE AVGJERDER OM KORLEIS GUDSTENESTELIVET SKAL INTEGRERA TRUSOPPLÆRING, DIAKONI, KYRKJEMUSIKK, MISJON ELLER ANDRE TEMA.			
Med forordna gudsteneste annankvar sundag er trusopplæringa ein heilt naturleg del av mange av soknets gudstenester. Når det gjeld misjon, har soknet eige misjonsprosjekt og eit aktivt forhold til misjon i forkynning, bønner, informasjon og gjevarteneste. Diakonen deltek fast under minnegudstenesta på Helgemessesundag, og ved årleg å førebu innsamlingsaksjonen.			

FOR KYRKJELYDAR MED FLERE KYRKJER: OVERSIKT OVER HØGTIDSDAGAR

Fram til 2020 har dette blitt fastsett i gudstenesteforordninga frå biskopen. Denne avgjer fortsett kor mange høgtidsgudstenester det minst skal vera i soknet og prostiet. Det er ikkje pålagt å feira gudsteneste på høgtidsdagar der kyrkjelyden ikkje har forordna gudsteneste. I sokn med fleire kyrkjer har soknerådet mynde til å avgjera kva kyrkje dei forordna høgtidsgudstenestene skal feirast i. Soknerådet kan også seia at dette varierer, både med og utan ein fast rytme.

HØGTIDSDAG	KYRKJE / GUDSTENESTESTED
Julaftan	
1. juledag	
2. juledag	
Palmesundag	
Skjærtorsdag	
Langfredag	
1. påskedag	
2. påskedag	
Kristi himmelfartsdag / Helgetorsdag	
17. mai	
1. pinsedag	
2. pinsedag	

RAMMER FOR DÅP

Soknerådet kan gjera vedtak om kor ofte det skal vera dåp i hovudgudstenester, kor mange dåpsbarn det maksimalt kan vera i ei gudsteneste og kor i gudstenesta dåpen skal plasserast. Biskopen tilrår at det finst eit godt tilbod om dåp i kyrkjelyden, slik at ikkje manglande tilbod gjer at dåpstala går ned.

<i>Rytme for / tal på gudstenester med dåp</i>	Tilbod om dåp nesten kvar gudsteneste.
<i>Rammer for talet på dåpsbarn</i>	Ikkje særleg aktuelt.
<i>Plassering av dåpen</i>	Etter Gloria.

I dei følgjande punkta i dette avsnittet tilrår ein ikkje at soknerådet detaljregulerer eller gjer vedtak om tilhøve som best kan organiserast fleksibelt frå gong til gong, men det kan vera nyttig med vedtak om viktige rammer og faste ordningar.

RAMMER FOR BRUKEN AV KYRKJEROMMET FØR, UNDER ELLER ETTER GUDSTENESTA

Det skal vere stille i kyrkjerommet frå eit kvarter før gudstenesta startar. Dette gjeld òg øving til drama, solo, musikk osv.

ORDNINGAR FOR MEDLITURGAR OG ANDRE SOM TEK DEL

Kyrkjevertane tål de som kjem og deltek i gudstenesta, tek opp takkofferet (når takkofferet blir tatt opp i benkane), har særskilde oppgåver ved t.d. brann-evakuering.

Klokkaren leiar samlingsbøna, assisterer ved dåpen, les lektie- og epistelteksten, held kunngjeringane og leier forbøna. Dessutan har han òg ansvar ved evakuering, som t.d. ved brann. Ved dåpen les ofte nokon ifrå dåpsfamiliane dei to skriftstadene om dåpen.

AVGJERDER OM BRUK AV LITURGISKE KLEDE FOR IKKJE-VIGSLA MEDLITURGAR

Vanlege, pene klede skal brukast.

RAMMER FOR PROSESJONAR, PROSESJONSKORS OG PROSESJONSLYS

Prosesjon med sjølvfølgeleg korset fremst blir brukt ved dåp og eventuelt ved andre høve.

RETNINGSLINJER FOR FOTOGRAFERING, OPPTAK OG FILMING (EVT. VEDLAGT)

Fotografering og filming i gudstenesta skal gå føre seg ifrå der ein har sin sitjeplass.

ANDRE FASTE ORDNINGAR OG RUTINER

HOVUDVAL, SERIE MED LITURGISK MUSIKK

Hovudserie 1 på dei fem faste gudsteneste-ledda.

VEDTAK OM UTFORMING AV GUDSTENESTEORDNINGA

I - SAMLING

1.1. FØREBUING

INFORMASJON OM GUDSTENESTA

PLASSERING

Under ledd 1 – Førebuing

V Etter ledd 3 - Helsing

KVEN INFORMERER?

Medliturg

V Prest/Liturg

INNGANGSPROSESJON

Prosesjon ved opninga av alle gudstenester

V Prosesjon i gudstenester med dåp

V Prosesjon i særskilte gudstenester eller på særskilte dagar

Sjeldan eller aldri inngangsprosesjon

SAMLINGSBØNER

V Liturgen vel samlingsbøn i alle gudstenester

Liturgen vel blant desse samlingsbønene

Samlingsbøner på gudstenester med barn

Lokalt utforma samlingsbøner som tidlegare ikkje er godkjent skal leggas ved for godkjenning av biskopen. (§ 62)

PLASSERING AV SYNDSVEDKJENNING

Som ledd 5: I / etter samlingsbøn

V Som ledd 17: Før / under forbøn

VAL AV SYNDSVEDKJENNING				
Syndsvedkjenning til vanleg i gudstenesta:		A, eventuelt «1977».		
Syndsvedkjenningar i gudstenester med barn:		A, eventuelt «1977».		
<i>Ved særskilte anledningar er det mogleg å nytta andre syndsvedkjenningar.</i>				
Løftesord etter syndsvedkjenninga		<u>JA</u>		NEI
KYRIE				
Val av kyrie-ledd i høgmessa		Allmenn serie, «1977»		
Avgjerder om når andre kyrie-ledd eller litani kan/skal brukast		-		
GLORIA				
Val av gloria i høgmessa		Allmenn serie, «1977»		
Avgjerder om når det skal brukast andre gloria-ledd eller litani		-		
VAL FOR FESTTIDENE				
Allmenn. Hovudserie 1. Ikkje kyrkjeårsbestemd serie for festtidene.				
VAL FOR FASTETIDA				
Allmenn. Hovudserie 1. Ikkje kyrkjeårsbestemd serie for fastetida. Litaniet blir brukt som forbøn i fastetida og på bots- og bøneda.				
PÅ KVA GUDSTENESTER SKAL DAGENS BØN NYTTAST?				
Ingen.				

II - ORDET

TALET PÅ TEKSTAR SOM SKAL LESAST I ULIKE GUDSTENESTER

Høgmesser	3
I disse gudstenestene skal det lesast to tekstar:	-
I disse gudstenestene skal det lesast ein tekst:	Når gudstenesta inneheld trusopplæringselement.

RAMME FOR EVANGELIELESING

Halleluja som nyttast i høgmessa	Goos Ten Napel.			
Halleluja som nyttast i andre gudstenester	Goos Ten Napel.			
Liturgen kan velja eit halleluja, ein kort salme eller anna svarledd etter evangelielesinga	<u>JA</u>		NEI	
Evangelieprosesjon	TIL VANLEG	<u>KAN HALDAST</u>	TIL VANLEG IKKJE	
Eventuell praksis for evangelieprosesjon	Evangeliet blir lesen frå kyrkjeskipet vend mot altaret, vanlegvis av liturgen.			

CREDO - TRUVEDKJENNINGA

	Kyrkjelyden bruker alltid den apostoliske truverdkjenninga
	Truverdkjenninga skal normalt syngast
	Truverdkjenninga skal syngast ved særskilte høve.
V	Truverdkjenninga skal ikkje syngast.
Ved disse gudstenestene skal den nikenske truverdkjenninga nyttast (evt. inkl. avgjerd om kva tid ho skal syngast).	
Høgtidsdagar. Truverdkjenninga blir ikkje sunge.	
V	Truverdkjenninga går ut etter preika ved dåp i gudstenesta

KUNNGJERINGAR					
V	Som ledd 16 – før forbøn				
	Etter postludium				
	Ein annan stad i gudstenesta:				
Nokre gonger	Blir formidla skriftleg / på skjerm / digitalt				
EVENTUELL ORDNING FOR VITNESBYRD / HELSINGAR OG FORBØNSØNSKE					
Blir lagt til kunngjeringane.					
FORBØN					
Kven har ansvaret for å utarbeida/velja forbøn til gudstenesta?					
Forrettande liturg.					
Kven leier til vanleg forbøna i gudstenesta?					
Medliturg	V	Fleire saman		Liturg	
Kyrkjelydssvar:	«1977»: «Herre, høyr vår bøn. [Amen].»				
Å MINNAST DEI DØDE OG BE FOR DEI SØRGANDE					
Praksis i kyrkjelyden (sjå s. 170 i «Gudsteneste med vegleingar»).					
Som det siste punktet under kunngjeringane; i Ferkingstad sokn altså like før syndsvedkjenninga og forbøna.					

TAKKOFFER	
V	Til vanleg som ledd 19 – etter forbøn og før nattverdssalme
	Til vanleg under ledd 20 – nattverdssalme
Under ledd 27 – utgang – ved desse gudstenestene:	Lysmesse/julekonsert.
Liturgen avgjer plassering av takkoffer, i samråd med kyrkjemusikar.	
Takkofferet blir til vanleg samla inn rundt alteret	V
Takkofferet blir til vanleg samla inn i benkene	
Anna organisering av takkofferet som høyrer til i lokal grunnordning	
I tillegg til rundt altaret: På Vipps.	
NATTVERD	
FRAMBERING AV NATTVERDGÅVENE	
V	Kyrkjelyden har inga spesiell ordning for frambering av nattverdgåvene
Kyrkjelyden har denne ordninga for frambering av nattverdgåvene:	

BRØD OG VIN

*Nattverdblutar skal vera glutenfrie (§33).
Ut over dette kan det nyttast både syra og usyra brød.*

*Det kan også nyttast ulike typar vin.
Sjå evt. s. 383-385 i «Gudsteneste med vegleiingar»*

Lokale vedtak om nattverdblød

Glutenfritt brød.

Lokale vedtak om nattverdvín

Avalkohlisert vín.

EVENTUELLE RAMMER OM UTDELINGSSTADER ELLER UTDELINGSFORMER VED NATTVERDEN

HERRENS BØN

V	Nyttast i omsetjing frå 2011
	Nyttast i omsetjing frå 1977
	Nyttast i omsetjing frå 1920
	Skal normalt syngast
	Skal syngast ved visse typar gudstenester:
V	Skal til vanleg ikkje syngast

LITURGISK MUSIKK VED NATTVERDEN				
PREFASJONSDIALOG	«1977».			
SANCTUS / HELLIG	«1977».			
AGNUS DEI / DU GUDS LAM	«1977».			
NYTTAST FESTTIDSSERIEN?	JA		<u>NEI</u>	
NYTTAST FASTETIDSSERIEN?	JA		<u>NEI</u>	
VARIANTAR SOM ER I BRUK UTANOM HØGMESSA				
-				
FREDSHELING				
Kyrkjelyden helse kvarandre med handtrykk etter fredshelsinga	JA		<u>NEI</u>	
SENDING				
LITURGISK MUSIKK TIL VELSIGNINGA				
Benedicamus, «Gudstenestebok for Den norske kyrkja, 1992» (=«1977»)				
UTGANGSPROSESJON				
	Gudstenesta blir til vanleg avslutta med utgangsprosesjon			
	Gudstenester med dåp blir til vanleg avslutta med utgangsprosesjon			
V	Gudstenester blir avslutta med utgangsprosesjon i særskilte høve			
	Kyrkjelyden har ikkje utgangsprosesjon i gudstenesta.			

DÅP

DÅPSLYS

V	Dåpslyset blir tent etter dåpshandlinga
	Dåpslyset blir tent under forbøna

OM ANDRE LOKALE SYMBOLHANDLINGAR VED DÅP